

Retningslinjer – Kunstnarstipend (revidert i Kultur- og folkehelseutvalet 19.04.17)

Generelt om ordninga

Møre og Romsdal fylkeskommune har oppretta ei ordning med utdeling av kunstnarstipend for profesjonelle kunstnarar. Ordninga har ei økonomisk ramme på kr. 600 000. Ordninga er inndelt på følgjande måte:

- Det skal delast ut *eit* arbeidsstipend på kroner 200 000 til søkjarar innan visuell kunst.
- Dei resterande midlane på kroner 400 000 kan fordelast på fleire stipend innan alle sjangrar, inkludert visuell kunst.
- Viss ikkje arbeidsstipendet blir delt ut, kan midlane bli fordelt på dei andre stipenda.

Formål

Møre og Romsdal fylkeskommune si ordning med kunstnarstipend skal:

- Fremje kunstfagleg aktivitet av høg kvalitet hos kunstnarar som bur og verkar i fylket.
- Stimulere til at kunstnarar etablerer seg i fylket.
- Gje kunstnarar moglegheit til å fordjupe seg kunstfagleg over tid for å utvikle seg og heve den kunstnarlege kvaliteten på arbeidet sitt.
- Gje kunstnarane høve til å arbeide med nyskapande utviklingsarbeid med relevans i notida sitt kunstfelt.

Vilkår

1. Stipend kan søkjast av profesjonelle kunstnarar som har vore busett og hatt sitt virke i Møre og Romsdal dei siste tre åra. Dersom det ligg føre ein sær god søknad frå kunstnarar med noko kortare bu- og arbeidstid i fylket, og som har stort potensiale i seg, kan ein slik søknad likevel vurderast.
2. Søkjar må ha avslutta og kunne dokumentere kunstnarisk utdanning på høgskule- eller universitetsnivå i Noreg eller i utlandet. Søkjarar som ikkje har profesjonell kunstfagleg utdanning kan får søknad vurdert dersom dei kan dokumentere tilsvarande kunstfagleg realkompetanse (utstillingar, konsertar, utgivingar m.m.) og profesjonell verksemd som søkjarar med formell kunstfagleg utdanning.
3. Arbeidsstipendet til søkjar innan visuell kunst kan ikkje bli gitt til same kunstnar meir enn to gonger. Unntak kan gjerast dersom det foreligg særskilt gode grunnar i søknad, og det er gått 5 år sidan søkjaren sist mottok stipend
4. Stipend kan ikkje nyttast til kjøp av utstyr.
5. Stipend skal ikkje nyttast til å finansiere oppstart av næringsverksemd
6. Søknadsfrist: 1. juni. Søknad om stipend skal vere grunngjeve og innehalde prosjektbeskriving, budsjett, framdriftsplan, CV og eventuelle kontraktar for visning/framvising av prosjekt.
7. Utlysning av stipend skjer i tidsrommet april-juni på Møre og Romsdal fylkeskommune sine heimesider, i lokalpresse og utvalgte faglege organ på nasjonalt nivå.
8. Kulturavdelinga er sekretariat for stipendet. Det blir innhenta kompetanse frå aktuelle faginstansar i vurderinga av søknadane.
9. Kultur- og folkehelseutvalet fordeler stipenda etter innstilling frå dei ulike faginstansane.
10. Stipendmottakarane forpliktar seg til å levere skriftleg rapport seinast innan 1.12 kvart stipendår. Rapporten skal innehalde oversikt over korleis stipendet er brukt og kunstnaren si eiga vurdering av stipendperioden. 75% vert utbetalt ved tildeling og resten vert utbetalt ved rapportering.